

# 200 fylte Sletto-

■ På diktarens heimstad

Meir enn 200 personar var laurdag med og mintest diktaren Olav Sletto i Hol.

Line Sandvik  
ls@hallingdolen.no

Heilt frå California kom Anne Sletto, barnebarnet til Olav Sletto, for å halde tale til 125-årsjubileet.

#### Fyrste gong

- Det blir fyrste gong i mitt liv eg held tale, så eg vent ikkje korleis det går, smilte ho litt nervøs før minnemarkeringa starta. Ho har budd 27 år i California, og hadde med seg sønene også.

- Det er syster mi, Vera, som har skrivne mesteparten, men ho kunne ikkje koma i dag, fortel Anne Sletto. Me møter henne i boktelet, der fleire av bøkene til Olav Sletto var å få kjøpt.



Markering: I år er det 125 år sidan Olav Sletto vart fødd.

følger opp oldefaren med slike markeringar.

#### Minnetaler

Hol Sangkor starta minnemarkeringa. Anne Sletto fortalde frå barndommen deira i lag med besteforeldra Olav og Ka-



# BILETMINNE FRÅ JUBILEUMSMARKERINGA I SLETTO LAURDAG 18. JUNI 2011

Foto og montasje: Eva Almhjell, 20.6.2011

Faksimile frå Hallingdølen, 21.6.2011



Barbro Sletto Aasen, Sletto-eigar i dag, som stilte hus og gard til rådvelde for jubileumstyden.



Meir enn 200 folk sessa seg på stolar, sat på grasbakken eller søkte ly under takskjegg i silande regn, med skodda som mjukt teppe nedetter liene, då jubileumsmarkeringa for diktaren Olav Sletto (1886-1963) gjekk av stabelen i Sletto, laurdag 18. juni 2011.



Men regnet skremde ingen. Svallen gjekk medan folket fann plassar...



...styreleiar i Olav Sletto-selskapet, Arne Skogheim, ynskte velkømen til gards...




...Hol songkor sang Hallingsangen, der alle stemte i, under leing av Annette Glück...



...og tolmodige Skarve- og andre ungar venta på tur.



Osvald Medhus la  
m.a. vekt på kona  
Karin Bryde, si rolle  
for dikteren Olav  
Sletto.  
Anne skreiv i si tid ei  
hovudoppgave om  
"Domhuset", Slettos  
tunnaste bok. Ho  
strevde med halling-  
målet, må veta, men  
fekk beste karakter!



Jubileumsmerkinga Olav Sletto  
18. juni 2011

La oss se til at udrette noget i livet. Noget må vi kunne magte vi to! Jeg kan ikke leve et liv i orkesløs nydelse! Du, vi skal vinde frem, vi to. Thi det er meget i os, som må frem!" Dette skreiv Karin Bryde til sin kjære Olav, sju dagar etter at dei i løynd vart vigde på byfogdkontoret i Drammen.

Og til Karin skriv Olav: "Du har alltid peika på eit liv med fremål og oppgåver. Du har alltid styrkt min arbeidsvilje og livshug. Og du hev magta det. .. Og ni år seinare skriv Olav til Karin: Eg kjenner deg som ei god makt ikring meg. Og du har vore ei frelse for min karakter – og du har gjeve meg det finaste til det gode i mine bøker. Du sokjer det fullkomne."



Montøren merka seg  
ellers Mikkelsens brø

...men før ungane  
sleppte te, helsa Anne  
Karene Sletto frå  
systema Vera og resten  
av slekta, Osvald  
Medhus frå Olav  
Sletto-selskapet og  
Arild Mikkelsen frå  
Folkhøgskule-folket.  
Helsingar frå slikt hald  
som betydde så mykje  
i Olav Sletto sitt liv og  
virke.

Frå Osvald Medhus si tale:  
**Jubileumsmerkinga Olav Sletto**  
**18. juni 2011**

*"La oss se til at udrette noget i livet. Noget må vi kunne magte vi to! Jeg kan ikke leve et liv i orkesløs nydelse! Du, vi skal vinde frem, vi to. Thi det er meget i os, som må frem!"*  
Dette skreiv Karin Bryde til sin kjære Olav, sju dagar etter at dei i løynd vart vigde på byfogdkontoret i Drammen.  
Og til Karin skriv Olav: "Du har alltid peika på eit liv med fremål og oppgåver. Du har alltid styrkt min arbeidsvilje og livshug. Og du hev magta det. ..  
Og ni år seinare skriv Olav til Karin: Eg kjenner deg som ei god makt ikring meg. Og du har vore ei frelse for min karakter – og du har gjeve meg det finaste til det gode i mine bøker. Du sokjer det fullkomne."

om dikteren som estet.  
Sletto var sjølv ei  
ytterst estetisk nyting,  
og skipla med sin  
venleik den **formelle**  
læringslysta hjå sine  
kvinnelege med-  
studentar. Andre lyster  
var det kan hende ikkje  
plass til i folkhøg-  
skulen...I alle fall flytta  
kandidaten til ei anna  
skule.



I pausa vart det servert rause lappar, laga av Bygdekvinnelaget, og steikt av Kari Nedremyr. Det var sovidt fotografen fekk snike seg til eit bilete – hygieneforskriftene..., som rimeleg var.

Og så skjerpa publikum sansene, for no kom ungar og vaksne med forteljarteater!



I mens venta marikåpa på sola, for det finst ikkje venare regnboge enn den ho gøymer i dropane sine!



Storedundra (Reidun Aaker), tøff i trynet som berre det, men mjuk og sårbar rett under overflata. Stølslivet har sin eigen nærleikslogikk, og gjæsleguten Per (Magnus Nybråten Malmquist) lokka fram budeia sitt rike kjensleregister, til glede for oss som berre kunne nytte forteljarteater på sitt beste - i silregn – som vi alle gløymde.



Forreisten, utan granneguten Hølgi (Embrik Ellingsgard), ville vi ikkje fått med heile breidda i Storedundra sitt indre liv. Her er han i gang med å vise sine kunster som diplomat.

Og Storedundra, som ikkje likte denne lakjin Hølgi, i alle fall ikkje i fjor, ho er ikkje sein um å la guten få ein ny sjanse, no, han vise fram ei ny side! Hølji hadde også eit rikt register å spela på, og var grenselaus i omgangen med det dei andre kalla sanning!



Botsvarten (Arne Aaker Gundersen) sin grenselause hugleik til Storedundra vart for mykje for henne, og storuksen måtte gråtande tusle mot haugen sin i fjellet. Akk, ja, for mykje og for lite... Men då amerikanaren Steidn (Harald Ellingsgard) kom med helsing frå Asle over there (det måtte då vera frå han...eller...???)



Les du, Per!








Skarvebarna med flere

Ein fin liten blome – til forteljar, musikarar, små og store skodespelarar!





Barbro Sletto Aasen og Osvald Medhus, og Barbro og Arne Skogheim. Takksame og glade for alle som gjorde jubileet til ei fest. Under: Frå Sletto-utstillinga inne i stugu.





Britt-Mari Sletto, nestleiar i Olav Sletto-selskapet, var venlegheita sjølv, og fekk i alle fall eitt nytt medlem i selskapet under markeringa på Sletto.

Olav Sletto sleppte solskin inn i dei liva han skildra. Naturalismens krav om å skildre skuggesidene var ikkje noko for han, fortalde Osvald Medhus.

Det historisk-religiøse var Sletto sitt tema, og han gir djup innsikt i menneskesinnet til ungar og gamle, som har det til felles at det religiøse er ein innvevd del av kvardagslivet, og får styre mykje av det indre og ytre livet.

For eigen del føyer eg til: I Olav Sletto si tid, og ikkje minst etter hans tid, har det norske samfunnet utvikla seg i ei sekulær retning, der det religiøse har krympa i betydning.

Men vi får dagleg nye, spennande medborgarar, og for nokon av desse betyr det religiøse betyr uvant mykje. Kan hende får forfattarar som Sletto med sin empati og innsikt ein ny aktualitet for oss, enten vi er tilskodarar eller deltakarar i denne delen av samfunnslivet?

I alle fall er dette ein del av nylesinga av den komplekse "Kristin Lavransdatter" (Sigrid Undset) – og Olav Sletto sine "snille" forteljingar.

Bjørnstjerne Bjørnsons "Fiskerjenten", av mange forstått som noko utdatert, er også ei forteljing som t.d. unge muslimske jenter kan kjenne seg att i.

Vesle Per(Olav) sin skuleveg tok omtrent ein time å gå. Mykje er endra i bygda sidan diktaren var skulegut, men kanskje var noko av det vi ser på dei neste arka på plass, også den gongen? Um det no var vegen i andre etasjin han følgde, eller om han gjekk beinste nedpå Almannavegen – kanskje både deler?



Nedi her låg vel skulehuset



Øvre Myro



Myro



Denne må det ha vore fristande leike j...



For ein med estetisk sans  
må denne muren på Søndrol  
ha festa seg i minne





Var det på denne plassen, til venstre, Olav budde saman med besteforeldra? Stigen opp lie er bratt, som han også er resten av turen til dagens Sletto.





Vi tenkte vi kom til å bli ein heil flokk nedover lie frå Sletto og heim, men lokalkjende folk vart underleg og snakka um noko anna, så vi vart berre Grete og Ola Håkon Rudningen, Annette Medhus med sonen og kameraten hans – og fotografen, då.

Vi rulla nedover bratthenget på våte kongler, kom i julestemning i juletrefeltet, og meinte det nok var betre ta turen i bærti'n neste gong, for her var bringebærkratt i mengder. Og bekkar små.

Men vi kom oss ned til Søndrol, fann Øvre Holsvegen, med kyr på beite – neppe av det slaget vesle Olav møtte på skulevegen, men ein venleg velkomstkomité for turfolket.



Og alle var enige om at det hadde vært en fin dag.  
Tusen takk frå fotograf, tekstskrivar og montør  
Eva Almhjell, 20. juni 2011

